



Radio, truleg frå Hitler-tida

Auksjonen som Lise med fleire skal halda i Helgheim laurdag 27. august teiknar til å bli ei svært spennande hending med høg kvalitet på det som kjem under hammaren.

Førebels har det kome inn meir enn 100 gjenstandar og meir kjem, lovar Lise. Ho har sikra seg ein anerkjent auksjonarius utanfrå og er kome langt i planleggjinga.



[Ei av fleire fine lamper](#)

Vi har tidlegare presentert døme på gjenstandar som tutgrammofon, steintøy, og symaskin, men lageret har vorte atskillig meir rikhaldig sidan sist. Kister frå 1831 og 1869 bør nok nemnast først saman med ei kiste frå 1700-talet som enno ikkje har kome inn men som er varsla. Fleire gedigne lamper er også levert inn
Tiner, koller, ei handdriven
kinne og eit hespetre vil nok frista mange, men ein av dei mest spesielle

gjenstandane er ein radio. Det er ikkje ein vanleg radio, men eitt tyskprodusert apparat av merket Mende som truleg er frå Hitler-tida bedømt utifrå stasjonane ein kunne ta inn. Til dømes finn ein to Danzig-stasjonar. og Hamar! Apparatet er ikkje mykje slitt og må vera ei perle for ein samlar..

Auksjonen byggjer på kommisjon-prinsippet slik at arrangørane sel for andre. Hvis du har noko du vil selja tek du med andre ord ein telefon til Lise, anten til butikken der ho har 48021629 eller heime der nummeret er 53486346. Ho vil gjerne ha innlevering av ting torsdag og fredag før auksjonen. Den kjem til å 'beslagleggja' heile Helgheim, med sjølve auksjonen oppe og sal av kaffi og mat ved Siv nede. Lise minnar om at det er handicap-rampe bak ungdomshuset.

Det er visning av gjenstandar mellom klokka 11 og 12. Så startar sjølve auksjonen, som vil pågå dagen til ende og det betyr i alle fall til klokka 18! Med andre ord er det klokt å reservera heile dagen til arrangementet! Og så kan ein rusle til Dønhaug og oppleve Vestlandsfanden etterpå! Litt av ein laurdag i Uskedalen.....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kinne og hespetre slår sikkert an..



Tiner, åkle og mykje anna...